



NYTT
FRÅ

INSTITUTT FOR INFORMATIKK

Nr. 30 20. desember 2007



God Jul

Innhald

Fakultetsbudsjett for 2008

Ny stipendiat

Kurs i skriving av søknader til EU sitt sjuande rammeprogram

Miljøundersøking og medarbeidersamtalar

Godt tilslag på FRITEK

Nytt møterom klart

Reiser for statens rekning, nye skattereglar og satsar

Fakultetsbudsjett 2008

Fakultetsstyret har vedtatt budsjettet for 2008. Som venta blir 2008 eit vanskelegare år.

Hovudgrunnen er at institutta ikkje får kompensasjon for auka løner og prisar. Universitetet fekk 4,3% og for vårt institutt ville det utgjort 1,4 millionar som vi altså ikkje får.

Lønsoppgjeret for 2007 gav oss ein auke i lønsutgifter på om lag 500.000.

Nøyaktig kor mykje auka løner vil utgjera i auka utgifter i 2008 vil avhenga av lønsoppgjeret til våren. Kvar prosent lønsauke pr. 1.5. 2008 vil gje oss auka utgifter på om lag 180.000 i 2008 (og meir i 2009). T.d. vil 5% auke til våren gje oss auka utgifter på om lag 900.000 som saman med dei 500.000 frå 2007 vil gje oss auka utgifter på 1,4 millionar.

Premiemidlar er basert på produksjonen i 2004-2006. Vår del gjekk ned frå 14,2% til 14%, noko som betyr ein reduksjon i tildeling i 2008 på 53.600 for oss. Det er elles trekt inn 24.400 frå instituttet som andel i ein sentral Microsoftavtale.

Samla kan vi rekna med å ha omlag 1,5 millionar mindre til disposisjon enn i 2007.

Sidan vi ikkje får lov å la stipendiatstillingar stå ledige må dette hentast frå andre løner og driftsmidlar (1,5 millionar svarar til løn + sosiale utgifter for meir enn to professorar).

Sidan vi har eit akkumulert overskot frå 2004-2006 som kan brukast til å dekkja underskotet i 2007 og 2008 (eventuelt også i 2009) reknar eg ikkje med at vi vil gjera større omleggingar i 2008. Effekten av stadige kutt vil vi fyrst for alvor merkast om eit par år dersom det ikkje blir omleggingar i tildelingar (t.d. ei NMT-satsing) i mellomtida.

Ny stipendiat



Animesh Sharma, master frå India, er ny universitetsstipendiat i bioinformatikk.

Course in How to Write a Competitive Proposal for Framework 7

Do you think about writing a proposal for EUs 7th Frameworkprogramme? Sean McCarthy (Hyperion Ltd, Ireland) will give a course in "How to Write a Competitive Proposal for Framework 7".

Date: 9 January 2008, 09.00-15.30.

Place: Stort Auditorium (2144), Bergen High Technology Centre

A description of the course can be found under

http://www.uib.no/fa/content/Funding/important_calls.htm.

Lunch, coffee and tea will be served. Registration within 4th January 2008 to:

Mary.helle@fa.uib.no

Miljøundersøking og medarbeidarsamtalar

Instituttet vil om kort tid senda ut til alle tilsette eit spørjeskjema om miljøet (fysisk og sosialt). Det skal svarast anonymt og eg vonar at alle til ta seg tid å fylla ut skjemaet.

I løpet av januar og februar vil alle som ynskjer det få formelle medarbeidarsamtalar.

For teknisk og administrativt tilsette er administrasjonssjefen samtalepartner.

For faste vitenskaplege tilsette er instituttleiar samtalepartner.

For postdoktorar vil gruppeleiar normalt vera samtalepartner, men om dei ynskjer det kan dei få samtale med instituttleiar i staden.

For stipendiatar vil normalt rettleiar vera samtalepartner, men om dei ynskjer det kan dei i staden få samtale med gruppekontakt, eller eventuelt med instituttleiar.

Nytt møterom klart

Møterom 4132 (heilt sør i 4. etasje) er no klart til bruk. Rommet har plass til 10-12 personar.

Det er utstyrt med nettilkopling og stor skjerm (ta med laptop).

Godt tilslag på FRITEK

Søknadshandsaminga av søknader om frie NFR-prosjekt innan teknologi – FRITEK – er avslutta. Sju prosjekt fekk støtte, ein postdoktor, ein konferansestøtte og fem større prosjekt, tre av desse ved vårt institutt:



”Hybrid Quantum Computers” (Parker).



”Network Searching: New Foundational Directions” (Fomin).



“Parameterized Algorithms” (Heggernes og Telle)

Gratulerer!

Reiser for statens rekning, nye skatteregler og satser

Med virkning fra 1. januar 2008 er det krav om at utgifter til overnatting **legitimeres med regning** fra overnattingsstedet. I forhold til statens ulegitimerte satser gir dette følgende endringer for utenlandsreiser:

Statens ulegitimerte satser utbetales som tidligere. Dersom det er en differanse i arbeidstakers favør mellom fremlagt hotellregning og den ulegitimerte satsen, skal denne differansen innberettes som lønn og det skal også svares arbeidsgiveravgift av beløpet. Hvis det ikke foreligger regning (overnatting hos familie, venner), blir hele det ulegitimerte nattillegget å regne som inntekt og det skal svares arbeidsgiveravgift for hele beløpet. Der regningen er høyere enn den ulegitimerte satsen blir det ingen endring. Mer info her:

<http://www.sph.dep.no/templates/PersonalMelding.aspx?id=2743>

Neste nummer av II-NYTT kjem ventleg 11. januar.

Takke for godt samarbeid i 2007 og Godt Nytt År til alle.